

STIFTINGA G-KULTUR

www.g-kultur.no

Årsmelding 2018

1. Styret i 2018

Stiftinga G-Kultur har i 2018 hatt følgjande styre:

Styreleiar	Knut Hovslien
Nestleiar/sekretær	Kjell Austin
Kasserar	Lars Ole Ørjasæter
Styremedlemmer	Rønnaug Haugstad Marit Hosar Nils Kårfald
1. varamedlem	Gard Espeland
2. - « -	Bengt Arild Morken
3. - « -	Jorunn Bleken

Styreleiar, nestleiar/sekretær og kasserar har utgjort stiftinga sitt arbeidsutvalg.

2. Styret 2019-2020

På styremøtet 25. oktober var det val på styreleiar for 2019-2020, og Knut Hovslien vart attvald. Dei øvrige medlemmene og varamedlemmene er tidlegare valde ut 2020.

Styret i 2018 fortset såleis uendra dei to siste åra Stiftinga G-Kultur er i verksemd.

3. Styremøte

Det vart halde tre styremøte.

15. februar, Oslo

Dette var einaste tildelingsmøte i 2018. Til søknadsfristen 1. februar kom det inn i alt 24 søknader, noko som var ny «rekord» for G-Kultur. Viktige saker elles på møtet var skriveprosjekt 2018-2020, og foreløpige planar for avslutningsåret 2020 for G-Kultur.

2. juni, Fylkesarkivet på Lillehammer

Hovedsaka på dette møtet var G-Kultur fram mot 2020, med skrivekonkurransen «Unge røyser», planar for eit kulturarrangement i februar 2020 samt prosedyrer for avvikling av G-Kultur.

Styremedlem Marit Hosar, som er fylkesarkivar, hadde ein presentasjon av verksemda ved fylkesarkivet,

25. oktober, Oslo

Hovedsaka var også denne gongen G-Kultur fram mot 2020. Det vart vedteke ei ramme-
fordeling av dei økonomiske midlane som er til rådvelde, og styret ga si tilslutning til dei
framlagte forslaga og planane for skrivekonkurransen «Unge røyster» og kulturarrange-
mentet på Det Norske Teatret 1. februar 2020. AU fekk fullmakt til å arbeide vidare i
samsvar med desse rammene.

4. Søknadsbehandling

4.1. Tilskot

Til stønadsfristen 1. februar mottok Stiftinga G-Kultur 24 søknader. På styremøtet 15. februar
vart det gjeve tilskot til i alt 13 prosjekt med samla 100.000 kr.:

- * Jon Iver Myren og Johnny Vaet Nordskog 15.000 kr. til Harpefoss Hardcorefestival i september 2018.
- * Diktardagar 15.000 kr. til Diktardagar i Lom, Skjåk og Vågå 30.8.-2.9. 2018.
- * Gudbrandsdalsmusea, 5.000 kr. til ferdiggjering av utstilling om Ringebu prestegard, prestane og hagen.
- * Plateselskapet ta:lik 5.000 kr. til produksjon av CD med arkivopptak frå Fron.
- * Lomsrussen 7.000 kr. til Russerevy i mars 2018.
- * Vågå Trekkspelklubb, 5.000 kr. til toradarkurs for nybyrjarar i alle aldrar.
- * Mari Brenna 5.000 kr, til «På scena i Utgard i Lundagrend», konsertar 2018.
- * Lom folkebibliotek 10.000 kr, til «Klar ein klassikar», 25 beste norske 2013-2017, formidlingsprosjekt 2018.
- * Øykjelykkjesetra, Simen Skoe 5.000 kr. til konsertserie sumaren 2018.
- * Øyer/Tretten Historielag 10.000 kr, til seterbok for Øyer, med hovedvekt på 1900-talet. (Øyremerka tilskot, forutset utfyllande opplysningar frå søkar før utbetaling.)
- * O.M. Sandvik 8.000 kr. til nytrykk og markering av at det er 100 år sidan boka Gudbrandsdalsjubileum «Folkemusikk i Gudbrandsdalen» kom ut.
- * Vågå Husflidslag, 5.000 kr. til aktivitetar i samband med Håndverk+ 7.-10.6. 2018.
- * Dovrejul-festivalen, 5.000 kr. til konsert på Fredheim eldresenter 29.12. 2018.

Lomsrussen ga seinare melding om at dei ikkje trong tilskotet, da revyprosjektet vart fullfinansiert med andre inntekter, og av tilskotet til konsertserien på Øykjelykkjesetra vart det behov for berrre 2.000 kr. Samla tilskot i 2018 vart såleis 90.000 kr.

5. Skrivekonkurransen «Unge røyster» 2019-2020

Med «Unge røyster» ønskjer Stiftinga G-Kultur å stimulere eit felt som har vore lite synleggjort i verksemda så langt. Mange unge menneske går med ein liten «forfattar» eller skribent i seg, og vil gjerne bruke det skrevne ord til å uttrykke sine tankar, draumar og håp

for eiga framtid og for det samfunnet dei skal leve i i åra framover. Med «Unge røyster» kan vi forhåpentlegvis bidra til å løfte fram slike draumar, og kanskje gje nokre unge menneske ei hjelp framover til ei mogleg framtid som forfattar eller journalist, eller anna verksemd der det skrevne ordet er ein viktig reidskap.

«Unge røyster» er tematisk ei svært viktig satsing for Stiftinga G-Kultur. Arven etter Gudbrandsdalslaget er forvalta og teke hand om ut frå respekt for alle dei tusenvis av dølar som var medlemmer i laget og gjorde laget til ein svært viktig og verdifull møteplass og sosial arena. Nå ser styret det som sitt oppdrag å avslutte 100 års historie og føre arven vidare, ved å invitere dagens unge menneske til å fundere på si eiga framtid og det samfunnet dei kan sjå for seg.

Det blir sett ned ein jury med medlemmer som har erfaring frå kultur- og litteraturfeltet. Desse sagt seg interesserte i å vere med:

Sigrid Sørungård Botheim, seniorrådgjevar i Språkrådet, forfattar og journalist.

Astrid Brekken, journalist og skribent, tidlegare NRK-tilsett.

Olav Brostrup Müller, kultursjef Lillehammer kommune, journalist og skribent.

Frå styret i Stiftinga G-Kultur:

Marit Hosar, fylkesarkivar i Oppland, kunstnar.

Rønnaug Haugstad, fagkonsulent i Bydel Grünerløkka Oslo.

Kjell Austin, jurysekretær.

Skrivekonkurransen blir lyst ut i januar 2019, og med bidragsfrist 15. juni. Inntil 10 bidrag blir honorert med 10.000 kr kvar, og desse skal etter planen utgjevast i bokform i samband med Stiftinga G-Kultur sitt kulturarrangement på Det Norske Teatret i Oslo 1. februar 2020.

6. Personvernerklæring

Styret har i 2018 diskutert EUs nye personverndirektiv og korleis G-Kultur skal forholde seg til dette. AU fekk fullmakt til å utarbeide ei tekst, som i første rekke skal gjere greie for G-Kultur si handtering av personopplysingar som blir brukt i samband med handtering av søknader om tilskot frå stiftinga.

7. Informasjonsarbeid

I samband med styremøta har det vore sendt ut pressemelding til avisene og dei kommunale kulturkontora og biblioteka i Lillehammer og Gudbrandsdalen. Styret har registrert at pressemeldingar jevnleg har kome inn i nokre av avisene, men det er ikkje gjort nærare forsøk på kartlegging av det totale omfanget.

8. Lutar i Det Norske Teatret

Stiftinga G-Kultur overtok og forvaltar dei lutane Gudbrandsdalslaget i Oslo hadde i Det Norske Teatret. Knut Hovslien representerte G-Kultur på årsmøtet i teatret den 28. april 2018.

Styret i G-Kultur står fritt til enten å gje bort eller selje lutane når stiftinga blir avvikla i 2020.

9. Økonomi

G-Kultur hadde si første tildeling av stønader i september 2015. Styret har pr 2018 teke imot 105 gyldige søknader til kulturprosjekt med tilknytning til Gudbrandsdalen. Av desse har 47 prosjekt fått tildelt tilskot med ein samla stønadssum på 556.000 kr. Samla beløp er med fråtrekk av tilskot/delar av tilskot som ikkje ikkje har vorte brukt.

Pr. 31. desember 2018 hadde G-Kultur 562.498,89 kr. på konto i Sparebank 1 Lom og Skjåk.

10. Oppsummering

Styret har i 2018 arbeidd i samsvar med fastsette planar, der eit overordna mål har vore å sikre arven etter Gudbrandsdalslaget i Oslo. Som tidlegare nemnd har styret vedteke at Stiftinga G-Kultur skal avviklast i 2020. Siste søknadsrunde for tilskot blir februar 2019, og alle praktiske og formelle sider ved verksemda blir lagt opp med sikte på avslutning sommaren 2020.

Styret i Stiftinga G-Kultur 2018

Oslo, 14. februar 2019

Knut Hovslien
styreleiar

Kjell Austin
nestleiar/sekretær

Lars Ole Ørjasæter
kasserar

Rønnaug Haugstad
styremedlem

Marit Hosar
styremedlem

Nils Kårfald
styremedlem